



Arne Terje Haugland med laks på seks kilo, teke i Gravehølen. (Foto: Kåre Vetrhus)

I den 13 kilometer lange Uskedalselva (når også to kilometer av Børsdalselva er teke med) er det mellom 150 og 200 fiskarar på årsbasis. Talet har auka dei siste åra, ikkje minst som eit resultat av betra moglegheiter for gode fangstar av både sjøaure og laks. I fjor var det teke 900-1.000 kilo.

- Til no i år har eg truffe mange nye fiskarar, frå tilsaman fem nasjonar. Forutan Noreg har dei kome frå Polen, Chile, Irland og Sverige. Men enno har eg ikkje sett nokon danskar. Dei kjem nok, seier Arne Terje Haugland (62). Han er oppsynsmann og den suverene "sjefsfiskar" i elva. Kvart år kan han leggja fram ein imponerande fangstrapport. Han vaks opp eit steinkast frå elva og har fiska i ho sidan han var 10. I fjor vart sluttresultatet rundt 100 fiskar, men han har vore oppe i 200 einskilde år. 20-25 er det minste årsfangsten og reknar ein eit gjennomsnitt på 50, blir det ein samla fangst 2.500 fiskar! Den største auren som har gått på kroken til markfiskar Arne Terje vog 3,5 kilo.

Uskedalselva er rekna for å vera ei god aure-elv, men no har også laksen begynt å gjera seg meir gjeldande. No går han opp heile vegen til Fjellandsbøvatnet og gyter i Børsdalselva. I Brustøhølen var det teke ein laks på åtte kilo i fjor og no i år har Haugland fanga ein på seks kilo i Gravehølen. Held det fram slik, kan han få meir laks enn aure denne sommaren. Dette er allereie no den beste lakse-sesongen på 50 år.


- Det vanlege før har vore at eg har fått tre laksar i året, men i fjor fekk eg 17 og har teke sju allereie i år, fortel han. Haugland ser med spaning fram til kva skjellprøvane av laksen fortel – er det villfisk eller oppdrettslaks? Dei laksane han har fått til no i år ser ut som villfisk, men dei kan vera ei kryssing.

Eit svært interessant spørsmål er så om Uskedalselva også har ei framtid som lakse-elv. Forskarane seier nei og meiner målsetjinga må vera å få til ei av Vestlandets beste aure-elvar.

Haugland rosar Uskedalen Grunn & Elveeigarlag for den positive utviklinga og siktar då til spreinginga av kalk med helikopter og bygginga av ein kalkdoserar i Børsdalselva. På grunn av den sure nedbøren og utslepp frå Søral var det mot slutten av 1960-talet ikkje att fisk i denne før så ualminnelig fiskerike side-elva. Det var også ein stor reduksjon av bestanden i hovud-vassdraget. Det vart og teke mykje stamfisk for å auka bestanden og ein skilde år vart det sett ut 40.000 aureyngel og 10.000 lakseyngel.

Fisket varar frå 15. juni til 15. september og det er enkelt å skaffe seg fiskekort for Uskedalselva. Dei blir selde på Rabben Camping, SPAR-butikken og bensinstasjonen og prisen er 700 kroner for årskort og 225 kroner for døgncort. Å la ein del av summen vera depositum som blir betalt attende har vore sær sars vellukka og gjeve ei mykje betre fangstrapportering.

Av Ola Matti Mathisen



- I dag er det for lite vatn i elva og ikkje fristande å fiska, seier Arne Terje Haugland. Her står han ved Bjørkehølen. (Foto: Ola Matti Mathisen)